



Studieplan

Bachelorgradsprogram i historie

Universitetet i Tromsø

Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning (HSLF-fak)

Gjeld fra og med høst 2012

Tittel:

Bokmål: Bachelorgradsprogram i historie

Nynorsk: Bachelorgradsprogram i historie

Engelsk: Bachelor's Degree Programme in History

Oppnådd grad ved fullført studium

Bachelor i historie.

Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse.

Søknadsfrist

Søknadsfristen er 15. april (1. mars for søker med realkompetanse). Du søker elektronisk via Samordna opptak.

Søknadskoden er 186 481.

Omfang

180 studiepoeng (ECTS), normert studietid er 3 år.

Yrkesmuligheter

Bachelorstudiet i historie er eit allmenndannande studium som kvalifiserer for jobbfunksjonar som set krav til refleksjonsdypne, evne til å orientere seg kritisk i ei stor informasjonsmengde og som inneber skriftleg bearbeiding av kompliserte årsaks- og verknadssamanhangar. Alt etter korleis ein komponerer programmet, vil ein bachelor i historie kvalifisere for t.d. medie- og kulturarbeid, museum, arkiv, forlag, utgreiingsarbeid og undervisning. For å bli lærar må du ta praktisk-pedagogisk utdanning etter bachelor- eller mastergradsstudium. Ein bachelor i historie kvalifiserer for masterstudium i historie og ulike typar tverrfaglege masterstudium der historie inngår.

Kompetanse mål

Etter enda studium og oppnådd grad skal studentane ha desse læringsresultata:

Kunnskap og forståing:

- Kunnskap om verdshistoria.
- Kunnskap om europeisk historie sett i eit komparativt perspektiv.
- Kunnskap om norsk historie, inkludert lokalhistoriske innblikk.
- Kunnskap om historiske hendingar og periodiseringa av dei innafor kronologisk rammer.
- Detaljert kunnskap om ein eller fleire meir spesifikke periodar av menneskeleg fortid.
- Forståing for metodar og tema frå ulike fagfelt innafor historieforskinga (relatert til økonomi, sosiale forhold, politikk, kjønn etc.)
- Forståing for historisk forskingsdebatt.

Ferdigheter:

- Evne til å kritisere, kommentere eller redigere tekstar og dokument i høve til historiefaget sine allmenne reglar for kritikk.
- Evne til å kommunisere munnleg om faget ved hjelp av dei aksepterte terminologiane og teknikkane til faget.
- Evne til å definere forskingsfelt som er eigna til å bidra til historiografisk kunnskap og debatt.
- Evne til å gi ei forteljande form til forskingsresultat i tråd med faget sine forteljemåtar og fagspråk.
- Evne til å organisere kompleks historisk informasjon på logisk konsekvent vis.
- Evne til å lese historiografiske tekstar eller originale dokument på sitt eige språk eller på andre språk; og kunne oppsummere og/eller skrive av og katalogisere informasjon på formålsteneleg vis.
- Vite om og kunne bruke informasjons- og søkjeverktøy som bibliografisk materiale, arkivmateriale, elektroniske referansar.

Kompetanse:

- Formidle fagleg innhald både munnlig og skriftlig.
- Kunne jobbe sjølvstendig med ei gitt problemstilling.
- Medvit om tema og emne frå dagens aktuelle historiografiske debatt.
- Medvit om og evnen til å nytte reiskap frå andre vitskapar (t.d. literaturkritikk, språkhistorie, kunstvitenskap, arkeologi, antropologi, jus, sosiologi, filosofi etc.)
- Medvit om forskjellar i historiografiske perspektiv om ulike periodar og samanhengar.
- Medvit om respekt for ulike perspektiv som har eit anna nasjonalt og kulturelt opphav.

- Kritisk medvit om relasjonane mellom samtidige hendingar og prosessar, og fortida.

Faglig innhold/Kort introdusjon

Historie er «vitskapen om endringar». Ofte treng ein langtidsperspektiv for å forstå raske endringar i eiga samtid så vel som langsame rørsler som har skapt det mangfaldet av samfunnsformer vi er omgitt av. Historie tar opp erfaringane frå tidlegare generasjoner, erfaringar som er fascinerande i seg sjølv, men som også aukar forståinga vår for mangfaldet i vår eiga tid.

Studiet i historie gir ei innføring i faget frå mellomalderen til i dag med vekt på norsk, europeisk historie med ulike fordjupinger. Undervisninga er variert og studentane blir vurderte gjennom tradisjonell eksamen, oppgåveskriving med rettleiing og munnleg evaluering. Vi vil utvikle både den kritiske leseren og den gode skribenten. Derfor er lesing av historiske framstillingar sentral i studiet, ved sida av innslag av skriving og skrivetrening.

Oppbygging av studiet

Bachelorstudiet i historie skal minimum ha historieemne tilsvarende 90 studiepoeng. I tillegg kjem 20 studiepoeng ex.phil og ex.fac som også er obligatoriske. Av dei 90 studiepoenga i historie er det ein obligatorisk del på 40 studiepoeng (HIS-1001, -1002, -1003 og -2001). Dei resterande 50 poengene vel ein blant valjemna. 20 studiepoeng av dei valfrie historieemna skal være på 2000 nivå. Programmet legg opp til eit normalt løp på 100 studiepoeng i historieemne.

I første semester skal studentane ta ex. phil. og ex. fac (til saman 20 studiepoeng). Dette semesteret får studentane også ei første innføring i historiestudiet i form av eit introduksjonskurs på 10 studiepoeng (HIS-1000). I det andre semesteret får studentane eit breitt oversyn over norsk, europeisk og verdshistorie frå mellomalderen til i dag. Undervisninga blir delt på tre emne – HIS-1001, -1002 og -1003, som går parallelt og som dekker tre ulike periodar (frå 1000 til 1500, 1500 til 1850, 1850-2000). Vi tilrår at studentane går vidare med historie i tredje semester ved eit utanlandsk universitet som Institutt for historie og religionsvitenskap har utvekslingsavtale med – med fordjuping i ulike tema eller periodar. Alternativt kan dette erstattast med minimum to valfrie emne på HIS 1000-nivå som gir fordjuping i ulike tema og kronologiske periodar. Fjerde og femte semester kan brukast på støtteemne frå andre fag enn historie. Sjette og siste semester blir bachelorstudiet avslutta med påbyggingsemne i historie (HIS 2000-kurs), med eit teori/metodekurs med vekt på kjeldekunnskap, og dessutan to 10-poengs-emne på HIS 2000-nivå.

Semester	10 studiepoeng	10 studiepoeng	10 studiepoeng
1. sem (høst)	FIL-0700 Examen philosophicum, Tromsøvarianten	EXF-0710 Examen facultatum ved HSL-fakultetet	HIS-1000 Introduksjonskurs i historie: Hvordan historie blir til
2. sem (vår)	HIS-1001 Europa formes - fra år 1000 til 1500	HIS-1002 Handelskapitalisme, statsmakt og revolusjoner 1500-1850	HIS-1003 Nasjonalisme, imperialisme og globalisering 1850-2000
3. sem (høst)	Utveksling/HIS-1004 - HIS-1020	Utveksling/HIS-1004 - HIS-1020	Utveksling/HIS-1004 - HIS-1020
4. sem (vår)	Valgfritt emne	Valgfritt emne	Valgfritt emne
5. sem (høst)	Valgfritt emne	Valgfritt emne	Valgfritt emne
6. sem (vår)	HIS-2001 Historie sett i lys av kildene	HIS-2002 - HIS-2015	HIS-2002 - HIS-2015

Historiefaget gir høve til spesialisering. Vi har sett opp eit oversyn over døme på emne som ein kan kombinere historieemna med for å få slike spesialiseringar. (Sjå under.) Vi gjør merksam på at det kan vere hindringar for å kunne delta på enkelte kurs, både i høve til kva tid dei blir tilbydd og i høve til opptakskrav.

Dersom ein tenkjer i retning av ei forskarutdanning og reknar med å gå vidare på masternivå, kan det vera aktuelt å trekke inn støtteemne og valfrie emne i historie som byggjer opp under den spesialinteressa ein har.

Studentar som ønskjer å jobbe i skoleverket blir tilrådd å legge inn eit anna undervisningsfag med 60 studiepoengs omfang som støtteemne (emnegruppe). Studiet gir då undervisningskompetanse i to fag. Etter bachelor/masterstudium må ein gjennomføre praktisk pedagogisk utdanning for å få undervisningskompetanse.

Alle emne skal som hovudregel gå gjennom heile semesteret, dvs. at ein studerer fleire emne parallelt.

Bachelorgradsprogram i historie består av 180 studiepoeng, som fordeler seg slik:

Obligatoriske emner:

Emnekode	Emnenamn	Stp.
FIL-0700	Examen philosophicum	10
EXF-0710	Examen facultatum	10
HIS-1001	Europa blir forma frå år 1000 til 1500	10
HIS-1002	Handelskapitalisme, statsmakt og revolusjonar 1500 – 1850	10
HIS-1003	Nasjonalisme, imperialisme og globalisering 1850 – 2000	10
HIS-2001	Historie sett i lys av kjeldene	10

Valemne (felles):

Emnekode	Emnenamn	Stp.
HIS-1000	Introduksjonskurs i historie: Korleis historie blir til	10
HIS-1004	Antikkens historie	10
HIS-1005	Nord-Norge mellom tradisjon og modernisering 1870-2000	10
HIS-1006	Mediehistorie	10
HIS-1007	Den russiske revolusjon ca. 1890-1930	10
HIS-1009	Sted og tid	10
HIS-1010	Russland er et annet sted. Russisk og sovjetisk historie 1861-1991	10
HIS-1011	Afrika på 80 dager. Emner fra afrikansk historie	10
HIS-1012	En middelaldermunk skildrer en farlig verden: Jocelin of Brakelond's syn på religion, politikk og samfunn	10
HIS-1013	Knut den mektige og hans verden: Samfunn, politikk og kirka i Nord-Europa 950-1050	10
HIS-1015	Minoriteter og minoritetspolitikk på Nordkalotten 1800-2000	10
HIS-1016	Erobring av polarområdene. Vitenskap, næring og politikk	10
HIS-1017	Kvinners kår og roller i middelalderens samfunn	10
HIS-1018	Kilder til norsk historie, ca. 950 - ca. 1300	10
HIS-1019	Svartedauden og krisa i seinmiddelalderen	10
HIS-1020	De europeiske trolldomsprosesser	10
HIS-1111	Arctic Norway – Aspects of history	10
HIS-1050	Introduksjonskurs i historie. Hvordan historien blir til, nettstudium	10
HIS-1051	De europeiske trolldomsprosessene, nettstudium	10
HIS-2002	Den samiske nasjon. Urfolk, minoriteter og det flerkulturelle samfunn i historisk perspektiv	10
HIS-2003	Stalinismen – Sovjetunionen under Stalin 1929-1953	10
HIS-2005	Frå Jalta til Malta. Den kalde krigens oppkomst, utvikling og avvikling	10
HIS-2007	Innvandring og flerkulturalitet i Norge i historisk perspektiv	10
HIS-2009	Det russiske Arktis. Norge og Russland i nord ca. 1855-1940	10
HIS-2010	Bacheloroppgave	10
HIS-2011	Utforminga av et nytt Norden 800-1200	10
HIS-2012	Europa i Afrika: Utvikling eller underutvikling?	10
HIS-2013	Arv, eiendom og giftemål i europeisk middelalder	10
HIS-2014	Nordområdene 1550-1750: Oppdagning, forestilling og rivalisering	10
HIS-2015	Ting og tekst – arkiv – og museumskunnskap i et historiefaglig perspektiv	20
HIS-2020	Byene i middelaldersamfunnet	10
HIS-2021	Historie sett i lys av kildene	5

Studieretningar

I tillegg til dei obligatoriske emna i bachelorgraden kan du kombinere dei ulike valbare emna i historie med andre valbare emne og få ein klårare profil i studiet ditt. Programmet gjev rom for ulike spesialiseringar i retning av for eksempel lærarutdanning, arkiv-/museumskunnskap og kulturminnevern. Ein kan også tenkje seg forskingsmessige spesialiseringar med faglege tyngdepunkt, eller fordjupingar som kan vere nyttige for seinare forskarkarriere innafor eit forskingsfelt eller i samband med seinare mastergradsstudie.

Lektorutdanning

Søkjer du ei klassisk lektorutdanning for undervisning i vidaregåande skole kan du kombinere historiekombinasjonane i bachelorgraden i historie med emnegruppe frå både språk- og samfunnsfag og realfag. Her finn du støttemne som kan leggast inn som valemne i 4. og 5. år i graden: matematikk (årsstudium), årsstudium i religionsvitenskap, årsstudium i engelsk, årsstudium i nordisk. Etter avgjort bachelorgrad med eit skolefag i tillegg til historie søker du deg inn på mastergradsstudiet i historie. Etter dette tar du praktisk-pedagogisk utdanning heiltid eller deltid (60 stp), og du er lektor i historie med eitt fag i tillegg.

Undervisnings- og eksamensspråk

Norsk.

Undervisnings- og eksamensformer

Undervisninga blir gitt i form av forelesingar, seminar, studentinnlegg, oppgåveskriving, rettleiing i samband med skriving og ekskursjonar. Gjennom de ulike undervisningsformene får studentane høve til å fokusere fagleg og studere viktige tema ut frå ulike tilnærmingar for at dei skal ha eit større læringsutbytte. Undervisningsform og omfang er nærmare skildra i dei enkelte emneskildringane.

Eksamens og vurdering

Eksamens varierer mellom skoleeksamen, heimeeksamen, mappe-/standpunkturvurdering, utstillingar og munnleg eksamen. Eksamensforma er tilpassa emna sin art og innhald, og ulike eksamensformer er valt for å prøve studentane i ulike typar kunnskap, og/eller for å gi dei høve til å utvikle kompetansen i både skriftleg og munnleg presentasjon av stoffet. Nokre emne har obligatoriske arbeidskrav, som må være avgjort og godkjent før endeleg eksamen i emnet kan leverast.

For vurdering av eksamen nyttar ein karakterskala på 5 trinn frå A-E, der A er beste karakter, E er dårligast og F er ikkje greidd. Kontinueringseksamen vil bli særskilt omhandla i dei enkelte emneskildringane.

Evaluering av studiet

Studieprogrammet blir evaluert årleg. Emna som inngår i studieprogrammet blir evaluert minimum ein gong i løpet av programperioden. I emneevalueringa inngår både student- og faglærarevalueringa.

Utenlandsopphold

Det blir sterkt tilrådd at ein tar eit studieopphold ved ein av instituttet sine samarbeidsinstitusjonar i utlandet, helst i det 3.semester. Innafor Nordplus har instituttet avtalar om utveksling med desse universiteta:

- Københavns universitet
- Aarhus universitet
- Uppsala universitet
- Lunds universitet
- Helsingfors universitet
- Åbo Akademi
- Haskoli Islands
- Det norske universitetssenter i St.Petersburg
- Universitetet i Arkhangelsk

Her finn du informasjon om søknadsfristar, framgangsmåte og annan vesentleg informasjon om utveksling:
<http://uit.no/studenter/utveksling>

Videre studier

Med bachelorgrad kan du søkje opptak til mastergrad i historie. Graden er også opptaksgrunnlag til master i visuelle kulturstudie og fleire tverrfaglege masterstudie, blant anna urfolksstudiet og fredsstudiet ved Universitetet i Tromsø.